

# **STYREPROTOKOLL**

Onsdag 4. desember 2019 heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

<b>MØTESTAD:</b>	Haugesund rådhus, biblioteket
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.10 – 17.30
<b>FRÅ STYRET MØTTE:</b>	Astri Furumo og Siv Bente Stople Østbø
<b>FORFALL:</b>	Simon Nässe og varamedlem Randi I. Rettedal
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Toril Hallsjø
<b>INNKALLING:</b>	Godkjent, utsending 27.11.19 og 03.12.19
<b>SAKSLISTE:</b>	Ingen merknader

## **Følgjande saker blei handsama:**

### **SAK 17/19 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 17.09.19**

#### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå styremøtet den 17.09.19 blir godkjent.

#### **Styrehandsaming 04.12.19:**

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

#### **Samrøystes vedtak 04.12.19:**

*Protokoll frå styremøtet den 17.09.19 blir godkjent.*

### **SAK 18/19 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.12.19**

#### **Vedlegg:**

20. Resultata frå lønnsforhandlingane 30.09.19 (*unntatt off. – OFL § 23.1*)
21. Evaluering av arbeidet i sekretariatet – tilbakemeldingar- utvalsmedlemmer høsten 2019
22. Opplæringskveld for nye kontrollutval 12.11.19 m/deltakarliste
23. Medarbeidarsamtale mellom dagleg leiar og styreleiar 05.11.19 (*unntatt off. – OFL § 13*)
24. konferansen – Forum for kontrollutvalg i Rogaland 09.01.20 i Sandnes
25. Møteplan 2020 – alle kontrollutvala på Haugalandet
26. Kontrollutvalgskonferansen 29.-30.01.20 - begge påmeldt

#### **Styrehandsaming 04.12.19:**

Styreleiar orienterte om lønnsforhandlingane og medarbeidarsamtale med dagleg leiar. Då selskapet har to tilsette, meinte styret at det kunne opnast for at rådgjevar også kunne få tilbod om jobbsamtale med styreleiar, dersom han ønskte det. Dagleg leiar tar, som tidlegare år medarbeidarsamtalen med tilsett/e.

Då styremedlem ikkje hadde vore kontrollutvalsmedlem før ho gjekk inn i styret, meinte ho at det hadde vore nyttig om ho hadde delteke på opplæringskvelden, men dato hadde ikkje passa. Styreleiar støtta det og viste til konferansen i Sandnes. Dato passa. Dagleg leiar melder på styremedlem og selskapet dekkjar kostnadene.

Dagleg leiar orienterte om at det blir ein travel vår og haust med planarbeid for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og førebuing av anbod på revisjonstenestene.

**Samrøystes vedtak 04.12.19:**

*Styret tar referatsakene 20 – 26 til orientering.*

*Styremedlem Siv Bente Stople Østbø meldes på konferansen for kontrollutvala 09.01.20 i Sandnes.*

**SAK 19/19 – STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2019**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Statusoversikt pr. november/desember 2019 blir tatt til orientering.

**Styrehandsaming 04.12.19:**

Rekneskapsrapport pr. 04.12.19 blei delt ut. Rapporten mangla faktura frå Tysvær kommune knytte til porto, kontorstol og nytt datautstyr. Desemberløn og nokre fakturarar var heller ikkje ført. Dagleg leiar gjekk i gjennom rapporten og meinte rekneskapan i år igjen ville gå i pluss. Etter fleire år med overskot hadde no selskapet ein god buffer. Styret meinte det var rom for å oppgradere dataverktøy for å lette arbeidet. Styret var elles nøgd med stoda og orienteringa.

**Samrøystes vedtak 04.12.19:**

*Statusoversikt pr. desember 2019 blir tatt til orientering.*

**SAK 20/19 – MØTEPLAN 2020**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

*Styret vedtar følgjande møteplan for 2020:*

*tysdag 04.02, tysdag 31.03, torsdag 17.09 og onsdag 09.12 kl. 16.00.*

*Representantskapsmøtet blir sett til **måndag 27. april** kl. 18.00*

*Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.*

**Styrehandsaming 04.12.19:**

Styreleiar gjorde merksam på at ho var oppteken 04.02 og at det var planlagt fylkesting 09.12. Styret og dagleg leiar blei samd i å endre møtedatoane til 11.02 og 02.12.

**Samrøystes vedtak 04.12.19:**

*Styret vedtar følgjande møteplan for 2019:*

*tysdag 11.02, tysdag 31.03, torsdag 17.09 og onsdag 02.12 kl. 16.00.*

*Representantskapsmøtet blir sett til **måndag 27. april** kl. 18.00*

*Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.*

## **SAK 21/19 – SENIORPOLITIKK I HKS IKS**

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:** *(utan innstilling)*

### **Styrehandsaming 04.12.19:**

Styret hadde drøfta saka i forkant av møtestart. Dei meinte det difor ikkje var naudsynt at dagleg leiar fråtrjedde. Saka er aktuell for ho i 2020.

Styret var tydeleg på at vedtaket frå 2009 var gjeldande. Bonus kan utbetalast og ekstra fridager nyttast for dagleg leiar på nyåret, dersom ho ved skriftleg avtale ønskte å nytte ordninga.

Men dei ønskte også at saka blei sendt til representantskapet med framlegg om å auke bonusen med kr 3000, basert på ei prisregulering dei 10 siste åra. Ny bonus vil då gjerast gjeldande frå og med 2020. Ny sum vil då bli etterbetalt, dersom representantskapet følgjer styret si tilråding.

Vidare ønskte styret at det blei tatt inn i ordninga eit nytt punkt om regulering annakvart år i etterkant av hovudoppgjeret for det sentrale lønsoppgjeret for kommunal sektor, slik at det blei ei automatisk oppjustering. Mange kommunar er no på veg til å stramme inn si seniorpolitikk, men styret var av den oppfatning at då selskapet ikkje har trong for vikar, slik som innan skule og omsorg, er ordninga eit godt insitament for å få tilsette til å stå lenger, enn heller å ta ut AFP. Bonusutbetaling vil falle klårt rimeligare enn selskapet si arbeidsgjevareld til pensjonskostnader på kr 150-200.000 pr. år.

### **Samrøystes vedtak 04.12.19:**

*Styret visar til gjeldande tiltaksordning for seniorpolitikk i HKS IKS og vil tilrå oppjustering av bonusbeløp til kr 18 000 og at det vert tatt inn eit punkt om automatisk oppjustering som følgjer lønnsoppgjeret. Dagleg leiar lagar ny framlegg til tiltaksordning.*

### **Samrøystes vedtak 04.12.19 og styret si innstilling til representantskapet:**

*Tiltaksordninga for seniorpolitikk for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik den ligg føre som følgje av oppdatering frå og med 2020.*

### **EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt.

### Neste møte

Neste styremøte blir **tysdag 11. februar 2020** kl. 16.00.

Årsrekneskap og utkast til årsmelding/styreberetning vert handsama før dei blir overlevert til revisor.

Aksdal, 4. desember 2019

Astri Furumo (sign.)  
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Dagleg leiar